

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 22.09.2020
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR:

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering pkt. 4
Arbeid med nye apotek og apoteklokaler i SAV**

ARKIVSAK: 2020/204
STYRESAK: 27/20

STYREMØTE: 29.09.2020

Oppsummering

Oversikt viser status for dei ulike byggeprosjekta som pågår i Sjukehusapoteka Vest. Vedrørende bygging av anlegg for eindose syner vi til eige notat.

Fakta

Status for arbeid med nye apotek og apoteklokaler i SAV:

Byggeprosjekt	Status
Nytt sjukehusapotek i Stavanger (SUS 2023)	- Plantegningar for publikumsareal er fastsett - Ein er no i sluttfasen med ferdigstilling av plantegningar for områda produksjon, sjukehusekspedisjon og farmasøytiske tenester - Sykehusinnkjøp divisjon Vest koordinerer marknadssdialog for anskaffing av lagerløysningar/lagerrobot for apoteka i Stavanger og Førde - Lokaler er mindre enn ein kunne ønska. Ein arbeider difor med å optimalisera logistikk og arbeidsprosessar for best mogleg nytting av lokala - SUS 2023 må oversende ein oppdatert framdriftsplan til SAV

Ombygging produksjonsavdelinga ved Sjukehusapoteket i Bergen	• Tilpassing av produksjonslokala samt innkjøp av produksjonsutstyr for å etablere salve- og kremproduksjon ved Sjukehusapoteket i Bergen • Råvarer og produksjonsutstyr er bestilt • Det har oppstått forseinkingar i prosjektet på grunn av ◦ Uforutsett oppgradering av ventilasjonsanlegg i lokala ◦ Koronapandemi er årsak til utsett leveranse-/installasjon av produksjonsutstyr (leverandør fra Danmark) • Ein planlegg å starte opp produksjon i Q2 2021
Nytt Sjukehusapotek ved Haraldsplass Diakonale sykehus	• Ein intensjonsavtale vart inngått med Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS) i 2018 om etablering av sjukehusapotek ved HDS • Arbeid med prosjektering pågår no (samarbeid med byggeprosjekt ved HDS) • Konsesjon for etablering av apotek (publikumsavdeling og sjukehusekspedisjon) er godkjend av SLV • Byggearbeid er planlagt å starta opp i april 2021, og med opning av apoteket omkring oktober/november 2021 • Stillinga som apotekar er kunngjort med frist i oktober 2020
Nytt sjukehusapotek i Førde (Nye Førde Sjukehus)	• Sjukehusapoteket har fått tildelt funksjonelle areal frå Helse Førde • Helseføretaket skal fastsetje framdriftsplan i Q4 2020 ◦ Førebels plan viser flytting til nye apoteklokale i 2022 • SAV har starta opp arbeidet med førebels prosjektering av produksjonsavdelinga i samarbeid med ekstern teknisk rådgjevar • Ein arbeider med å inngå avtale om ekstern prosjekt-leiing/rådgjeving for prosjektperioden • Det blir i haust etablert ein prosjektorganisasjon og ei styringsgruppe i SAV